

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv: Rullert handlingsprogram



Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet
og friluftsliv

Handlingsprogram 2018-2021

Kvinnherad Kommune

Handlingsprogram 2018-2021

Handlingsprogram for anlegg, område og aktivitetstiltak dei næraste 4 år er ein del av plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Handlingsprogrammet skal rullerast kvart år med politisk handsaming i samband med kommunebudsjettet.

- Prioritering investeringar skal synleggjera planlagde kommunale investeringar og skal takast med i arbeidet med budsjett og økonomiplan.
- Prioritering spelemidelsøknad skal syna i kva rekkefølge Kvinnherad kommune prioriterer spelemidlar.
- Handlingsprogram langsiktig del skal syna kva anlegg det er behov for, men som treng nærare utredning og/eller som ligg utanfor fireårshorisonten

Planlagde investeringar 2018-2021

	2018	2019	2020	2021
Rosendal symjehall	6 500 000,-			
Rosendal friidrettsbane		2 765 000,-		
Idrettshall på Husnes	32 000 000,-			

Fordeling av avsette investeringsmidlar i prioritert rekkefølge				
	2018	2019	2020	2021
1. Erlandsparken	2 000 000,-			
2. IL Trio Kunstgrasbane		400 000,-		
3. Rosendal ungdomsskule – Skule og nærmiljøanlegg		Planlegging pågår- Kostnad vert klar til neste rullering		
Det er avsett 2 000 000,- årleg til utbygging av idrett og nærmiljøanlegg i offentleg-privat samarbeid i økonomiplan 2018-2021. Midlane skal nyttast til oppgradering og utbygging av idretts og nærmiljøanlegg som skjer i eit offentleg privat samarbeid. Kvinnherad kommune er eigar og utbyggjar av anlegget og bidreg økonomisk over investeringsbudsjettet etter følgjande modell: 50 % av totalkostnad etter spelemidlar og MVA er trekt frå, avgrensa opp til avsett sum i denne tabellen. Det er ein føresetnad at MVA beløpet vert teken inn som ein del av finansieringa. Avsett sum utgjer reel kommunal deltaking.				

Prioriteringar spelemiddelsøknad 2018

Ordinære anlegg		
Prioritering	Anlegg	Søknadssum
1	Valeparken - kunstgrasbane	700 000,-
2	Uskedal nærmiljøanlegg «Gull av grus» - kunstgrasbane	800 000,-
3	Rosendal symjehall	3 500 000,-
4	Rosendal friidrett – renovering av stadionanlegg	2 173 000,-
5	Rosendal samfunnshus – Renovering av tak på gymsal	400 000,-
6	Rosendal rideklubb Innandørs ridebane	247 000,-
7	Sandvolleyballhall	605 000,-
8	Kunstgrasbane Erslandsparken	1 300 000,-
9	Halsnøy IL - Klubbhus	1 952 000,-
10	Husnes idrettspark - Lagerbygg	625 000,-

Nærmiljøanlegg		
Prioritering	Anlegg	Søknadssum
1	Husnes idrettspark – Tuftepark	300 000,-
2	Husnes idrettspark – Sandvolleyballbane	275 000,-
3	Aktivitetsparken gull av grus - Klatreanlegg	300 000,-
4	Sherpasti Skålafjell	300 000,-
5	Nærmiljøkart - Sundal	48 000,-
6	Klatrepark – Erslandsparken	300 000,-
7	Turveg - Erslandsparken	300 000,-

Blå markering = Nye søknader i 2018

Omtale av anlegga

Valeparken 7år kunstgrasbane		
Omtale av anlegget: Valeparken har lagt kunstgrasbane for 7år fotball på grusbana ved Valen skule.		
Utbyggingsmodell: Anlegget er bygd ut i offentlig - privat samarbeid mellom Kvinnherad kommune og Valeparken. Det er løyvd midlar til bana over Kvinnherad kommune sitt investeringsbudsjett.		
Status: Bana er ferdigstilt og Valeparken ventar på tilsegn om spelemidlar. Dei leverer inn godkjend søknad for 4. år på rad.		
Kostnad: 2 375 000,-		
Finansiering:		
Kommunale midlar: 500 000,-	Spelemidlar: 700 000,-	Valeparken (inkl. dugnad): 1 175 000,-

Uskedal nærmiljøanlegg - kunstgrasbane		
Omtale av anlegget: Uskedal idrettslag har etablert kunstgrasbane for 9år fotball på eksisterande grusbane ved Uskedal skule.		
Utbyggingsmodell: Anlegget vert bygd ut i privat regi. Uskedal idrettslag står som søker om spelemidlar og eigar av bana.		
Status: Bana er ferdig. Dei leverer ein godkjend søknad for 4. år på rad.		
Kostnad: 2 450 000,-		
Finansieringsplan:		
Kommunale midlar: 800 000,-	Spelemidlar: 800 000,-	Uskedal IL (inkl. dugnad): 1 100 000

Rosendal symjehall		
Omtale av anlegget: Taket på Rosendal symjehall vart fiksa i 2015 slik at symjehallen kunne opna etter lang tids stenging. Det er behov for å utbetra garderobeanlegget slik at det stettar krava til universell utforming. Garderobane er i dag er opne på dispensasjon		
Status: Det er avsett midlar til garderobar i økonomiplanen 2018. Det vert søkt om spelemidlar samla til dei 2 prosjekta, og det vert levert inn ein godkjend søknad for 6. år på rad.		
Utbyggingsmodell: Kommunalt anlegg		
Kostnad: 10 500 000,-		
Finansiering		
Kommunale midlar: 2 700 000 + 4 400 000	Spelemidlar: 3 500 000	

Rosendal stadion – friidrettsanlegg og reovering grasmatte

Omtale av anlegget: Rosendal turnlag ynskjer å oppgradera eksisterande friidrettsstadion, etablert i 1973 med raudstubbdekke, til eit tidsmessig og moderne friidrettsanlegg med fast dekke (polytan) og gjera naudsynt reovering av naturgrasmatta.

Utbyggingsmodell: Anlegget er kommunalt eigd og drifta og skal derfor byggjast ut i eit offentleg – privat samarbeid.

Status: Det er avsett kommunale investeringsmidlar til oppgraderinga i økonomiplan 2019. Rosendal Turnlag arbeidar med sin del av finansieringa.

Kostnad: 6 516 290,-

Finansieringsplan:

Kommunale midlar: 1 579 255,-	MVA 1 184 781,-	Spelemidlar: 2 173 000,-	Rosendal turnlag inkl. dugnad 1 579 255,-
---	---------------------------	------------------------------------	---

Rosendal samfunnshus – Reovering av tak på gymsal

Omtale av anlegget: Kvinnherad kommune eig og driftar den delen av Rosendal samfunnshus som inneheld gymnastikksal med tilhøyrande garderobar. Taket er lekk og skal skiftast. Arbeidet er eit samarbeid mellom Rosendal samfunnshus og Kvinnherad kommune. Denne søknaden gjeld kommunal del av prosjektet.

Utbyggingsmodell: Kommunalt anlegg

Status: Arbeid er ferdigstilt

Kostnad: 1 200 000,-

Finansieringsplan:

Kommunale midlar: 800 000,-	Spelemidlar: 400 000,-
---------------------------------------	----------------------------------

Rosendal rideklubb – Innandørs ridebane

Omtale av anlegget: Rosendal rideklubb har inngått langtids leigeavtale for arealet som omfattar ridebane i eksisterande ridehall i Rosendal. Laget søker om midlar til å skifta ut eksisterande banedekke, lage skiljevegg mellom stall og bane og skifte ut vant.

Utbyggingsmodell: Privat anlegg

Status: Arbeid er ferdigstilt

Kostnad: 738 000,-

Finansieringsplan:

Spelemidlar: 247 000,-	Rosendal rideklubb inkl. dugnad: 324 000,-	Kommunalt byggetilskot: 167 000,-
----------------------------------	--	---

Strand-ulv hallen - Tilbygg for sandvolleyball	
Omtale av anlegget: IL strand Ulv planlegg å byggja eit innandørs anlegg med ly for ver og med oppvarma sand for å utvida treningssesongen for sandvolleyball. Anlegget er tenkt som tilbygg til den eksisterande Strand/Ulv hallen	
Utbyggingsmodell: Strand Ulv hallen er ein privat eigd hall og anlegget vert bygd ut i privat regi.	
Status: Under planlegging	
Kostnad: 1 814 480,-	
Finansieringsplan:	
Spelemidlar: 1 209 480,-	Eigne midlar/dugnad: 605 000,-
Det kan søkjast om kommunalt byggetilskot til anlegget	

IL Ternen – Erslandsparken			
Omtale av anlegget: IL Ternen planlegg å byggja Erslandsparken med kunstgrasbane for 9år fotball, asfaltert løype for tur og rulleski og klatrepark i samband med Skarveland skule. Det vil bli levert 3 søknader om spelemidlar til anlegget			
Utbyggingsmodell: Offentleg – privat samarbeid			
Status: Arbeid er under planlegging			
Kostnad: 7 072 338			
Finansieringsplan:			
Kommunale midlar: 1 866 000,-	MVA: 1 440 833,-	Spelemidlar: 1 900 000,-	IL Ternen inkl. dugnad: 1 866 000,-

Halsnøy IL - Klubbhus	
Omtale av anlegget: Halsnøy Il planlegg nytt klubbhus i tilknytning til Kunstgrasbanen ved Sætre skule. Klubbhuset skal innehalda mellom anna garderober, toalett, møterom, kjøkken og forsamlingslokale.	
Utbyggingsmodell: Privat anlegg	
Status: Under planlegging	
Kostnad: 5 855 123	
Finansiering:	
Halsnøy IL inklusiv dugnad: 3 903 123,-	Spelemidlar: 1 952 000,-
Det kan søkjast om kommunalt byggetilskot til anlegget	

Tuftepark – Husnes idrettspark	
Omtale av anlegget: Styret for aktivitetsparken Lunden har etablertTufteparken som eit av fleire anlegg som er tenkt langs turvegen i Husnes idrettspark.	
Utbyggingsmodell: Bygd i offentlig/privat samarbeid	
Status: ferdig anlegg	
Kostnad: 1 175 000,-	
Finansiering:	
Tufteparken inklusiv dugnad: 875 000,-	Spelemidlar: 300

Aktivitetsparken «Gull av grus» - Klatrepark		
Omtale av anlegget: Uskedal idrettslag arbeidar med å etablere aktivitetsparken «Gull av grus». Kunstgrasbana er ferdigstilt og teken i bruk. Dei søker no om spelemidlar til byggesteg 2, klatrepark.		
Utbyggingsmodell: Privat anlegg		
Status: Under etablering		
Kostnad: 1 175 000,-		
Finansieringsplan:		
Uskedal IL inkl. dugnad: 646 240,-	Spelemidlar: 300 000,-	Løyvd kommunale midlar: 226 000,-

Sandvolleyballbane i Aktivitetsparken Lunden	
Omtale av anlegget: FAU ved Husnes ungdomsskule arbeidar med å etablere sandvolleyballbane ved Husnes ungdomsskule.	
Utbyggingsmodell: Offentleg – Privat samarbeid	
Status: Ferdigstilt	
Kostnad: 550 000,-	
Finansieringsplan	
Spelemidlar: 275 000,-	Private midlar inkl. dugnad: 275 000,-

Sherpasti - Skålafjell	
Omtale av anlegget: Turgruppa i Rosendal turnlag søker om midlar til å oppgradere tursti mellom Asvodl og Skålafjell med sherpatrapper.	
Utbyggingsmodell: Privat utbygging	
Status: Under planlegging	
Kostnad: 705 000,-	
Finansieringsplan:	
Spelemidlar: 300 000	Rosendal turnlag inkl dugnad: 405 000,-
Det kan søkjast om Kommunalt byggetilskot til tiltaket	

Nærmiljøkart Sundal	
Omtale av anlegget: Odda orienteringslag søker om midlar til å utarbeide nærmiljøkart i Sundal. Tiltaket er i samarbeid med Ænes og Mauranger bygdalag.	
Utbyggingsmodell: Privat	
Status: Under planlegging	
Kostnad: 96 000	
Finansieringsplan	
Spelemidlar: 48 000,-	Odda orienteringslag inkl. dugnad: 48 000,-

Husnes idrettspark - Kunstgrasbane			
Omtale av anlegget: IL Trio ynskjer å få etablert ein kunstgrasbane for 9år fotball på eksisterande grusbane i Husnesparken for å dekkja eksisterande behov. Det føregår eit reguleringsplanarbeid og plassering må avklarast før oppstart.			
Utbyggingsmodell: Offentleg-privat samarbeid			
Status: Under planlegging			
Kostnad: 3 599 000			
Finansieringsplan			
Kommunale midlar: 400 000,-	Andre midlar: 915 000,-	Spelemidlar: 1 200 000,-	Trio inkl. dugnad_ 400 000,-

Rosendal ungdomsskule – Skule og nærmiljøanlegg			
Omtale av anlegget: Rosendal ungdomsskule og FAU ynskjer å realisera eit skule og nærmiljøanlegg tilpassa ungdom i tilknytning til skule og idrettsanlegget i Rosendal			
Utbyggingsmodell: Offentleg-privat samarbeid			
Status: Under planlegging			
Kostnad: ? (under planlegging)			
Finansieringsplan ?(under planlegging)			

Husnes idrettssenter – Lagerbygg			
Omtale av anlegget: Kvinnherad kommune skal i samarbeid med IL Trio byggja garasjeanlegg/lagerbygg for oppbevaring av utstyr i samband med drift av idrettsanlegget			
Utbyggingsmodell: Offentleg – Privat samarbeid			
Status: Under planlegging			
Kostnad: 3 000 000			
Finansieringsplan:			
Under utarbeiding			

Handlingsprogram langsiktig del

Handlingsprogram, langsiktig del, inneheld anlegg som bør prioriterast i planperioden.

Anlegg som bør arbeidast vidare med i planperioden	
Ny hall i Rosendal	Kvinnherad kommune/ Rosendal Turnlag
Omvikdalen skule – lager/Treningbygg	Kvinnherad kommune/Omvikdalen IL
Kvinnherad ungdomssenter - Parkouranlegg	Kvinnherad kommune
Uskedalen nærmiljøanlegg – diverse anlegg	Uskedal IL
Tveitedalen skisenter – arenabygg rehabilitering	Ternen IL
Tveitedalen skisenter – lysløype rehabilitering	Ternen IL
Tveitedalen skisenter – Turløype i Handelandsdalen	Ternen IL
Innandørs skytebane	Kvinnherad skyttarlag
Skytesimulator	Kvinnherad skyttarlag
Fjellhaugen skisenter - skileikanlegg	Fjellhaugen skisenter
Perlo kajakklubb- Lokale for kajakaktivitet i Sæbøvik	Perlo kajakklubb
Orienteringskart i Gjetingsdalen	Mauranger bygdalag

Andre tiltak i planperioden

Fysisk aktivitet

- Gjennomføra barnetråkkregistreringar i heile kommunen
- Halda fram med og vidareutvikla ordninga med treningskontaktar
- Å halda fram med og vidareutvikla frisklivscentralen
- Etablere open hall tilbod i dei kommunale idrettsanlegga

Idrett

- Kommunale driftstilskot til lag og organisasjonar skal aukast til 1 million innan fire år
- Vedtak om ein samarbeidsavtale med Kvinnherad idrettsråd
- Kvinnherad idrettsråd utarbeidar ein handlingsplan for arbeidet sitt
- Bruk av kommunale idrettsanlegg til trening skal vera gratis for born og unge under 19 år som driv med aktivitet, eigenorganisert eller gjennom frivillige lag og organisasjonar
- Det skal setjast i gang eit prøveprosjekt i samarbeid med idrettslag om treningstilbod etter skuletid

Friluftsliv

- Kvinnherad kommune held fram som medlem i Friluftsrådet Vest i planperioden
- Det vert fremja tiltak om universelt tilrettelagde friområde
- Friluftsveka skal markerast i Kvinnherad
- Prosjektet Friluftsturisme skal utgreiast
- I planperioden skal ein sikra badeområde i Sundal og på Sunde
- Sikring av Valeøya og Sild skal gjennomførast

Anlegg

- Det skal opprettast ei stilling med idrettsfagleg utdanning som skal ha heilskapleg ansvar for utvikling av anlegg, idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Kvinnherad kommune
- Det vert utarbeidd retningsliner for Offentleg - Privat - samarbeid mellom Kvinnherad kommune og private aktørar om utbygging av kommunale anlegg – anlegg på kommunal grunn
- Kommunen legg opp til auka løyvingar til private utbyggjarar gjennom å auka byggetilskotet til 1 million kr frå 2015
- Kvinnherad kommune skal vurderer tilstanden på eigne anlegg og få fram ein handlingsplan for rehabilitering av desse
- Midlar til leikeområda vert styrkt slik:
2014: Framlegg om kr 200 000,- i budsjettet
2015: Framlegg om kr 300.000,- i revidert økonomiplan
2016: Framlegg om kr 300.000,- i revidert økonomiplan
Løyvinga vert vidare auka til 1,1 mill. kr fram til 2018
- Kommunen legg opp til ei sterk satsing på å etablere gode nærmiljøanlegg i samarbeid med private gjennom å prioritera slike anlegg i økonomiplan og spelemiddelordninga
- Husnes idrettssenter skal vidareutviklast i planperioden